



Presidenten har ordet

Forventningar

Budsjettarbeidet er i gang og regjeringa har no lagt dei første rammene for budsjett 2011. Alle må rekne med innstramming seier Finansministeren. Vi må tilbake til handlingsregelen for bruk av oljepengar. Det er sikkert fornuftig når vi tenkjer på framtida og pensjonane til oss sjølve og våre barn. Norge er i ein særstilling samanlikna med våre allierte i NATO og i verda elles. Vi har stort sett lukkast med å bruke meir enn handlingsregelen for å smørje økonomien under finanskrisa, og såleis hatt gode tider når andre land har hatt stor arbeidsløyse og kredittproblem. Sjølv om finanskrisa ikkje kan avblåst enno, kan vi etter kvart sjå lyspunkt der framme, og vi må etter kvart tilpasse oss den regelen som er vedtatt når det gjeld bruk av oljepengar i offentlege budsjett. Forsvaret fekk ikkje ekstra overføringar for å avhjelpe finanskrisa og har berre halde seg til langtidsmeldinga og vedtekne budsjett. Forsvaret kan difor ikkje påleggast kutt, men tvert om få dei løyvingane som langtidsmeldinga legg opp til!

Forsvarsministeren har ei krevande utfordring framfor seg, men ho har gode kort på handa. Forsvaret har vore gjennom ei krevande omstilling. Den har vore langvarig og djuptgripande, og sjølv om vi har vore kritisk til mange av tiltaka, må vi vel no vedgå at den har vore vellukka. Heile forsvaret er no omstrukturert og modernisert og det er lagt til rette for eit moderne innsatsforsvar. Mykje nytt materiell er på plass og mykje er på trapene. Vi har i dag eit heilt anna forsvar enn vi hadde på 90-talet, og omstillinga er gjennomført i ei tid då forsvaret har vore engasjert i krevande oppdrag både heime og ute. Omstillinga i seg sjølv bør vere ein faktor som gir plusspoeng hos finansministeren!

Langtidsmeldinga er tydeleg på at vi skal ha eit styrka forsvar og vi kan såleis ha ei forventning om eit budsjett som ikkje berre kompenserer for pris- og kostnadsauke, men og eit sterkare og meir robust forsvar. Heimevernet har fått mindre øvingstid enn det som er nødvendig i fleire år, karakterisert som unntak. No må unntaksåra vere over og alle HV-avdelingar må heretter få sine årlege øvingar. Hæren er for liten og vi ventar at dette blir prioritert.

Det er første og fremst Hæren som står for utanlandsoppdraga, og vi må difor ha ein tilstrekkeleg styrke til både ute- og heimeoppdrag. Ein bataljon ute tilseier at vi må ha 4

heime for å ha ein tilstrekkeleg øvings- og rekrutteringsbase, og når vi i tillegg har ambisjonar om brigadeforformat, betyr det at vi tilsaman må ha 6 bataljonseiningar. Det er eit stykke fram til det.

Nye transportfly er under innfasing og i desse dagar er nye helikopter på veg inn. Det betyr auka ressursar til opplæring og trening, og fram i løypa er nye kampfly; F-35 under utvikling. Alt tyder på at dei forventningane vi har til F-35 (JSF), vil bli innfridde. Vi vil få det beste flyet; eit fly som kan løyse dei krevande oppgåvene som forsvaret har, ikkje minst i våre store havområder.

Sjøforsvaret er truleg komne lengst i omstillinga og har no fleire operative fregattar. MTBane (korvettar) er forsinka, men kjem. U-båtane er under modernisering og vil halde nokre år til, men vi i Forsvarsforeningen meiner at vi må starte prosessen med nye ubåtar no slik at vi kan kjøpe nye i 2020. U-båtar er det beste ein liten nasjon som Norge kan ha for å overvåke og forsvare våre store havområder. Neddykka U-båtar og kampfly kan i ein gitt situasjon skape lokal styrkeovervekt og dermed tvinge ein sterkare inntrengar til å trekke seg tilbake. Vi bør difor kjøpe 9 nye moderne ubåtar tidleg på 20 talet! I samsvar med langtidsmeldingas mål om eit styrka forsvar må budsjettet aukast i åra framover slik at vi unngår unntaksår og etterslep!

Vi støttar heilhjarta opp om vernepliktsforsvaret slik som langtidsmeldinga legg opp til. Verneplikta er samfunnskontrakta mellom det norske folk og forsvaret. Den sterke oppslutninga som vi har om forsvaret er eit mellom anna eit resultat av vernepliktsforsvaret. Det er eit faktum at 86 prosent av befolkninga støttar eit sterkt militært forsvar, om lag 50 prosent meiner at budsjettet bør aukast og berre 8 prosent meiner at forsvaret får for mykje pengar. Det er god støtte i det norske folk for å auke forsvarsbudsjettet i samsvar med vedteken langtidsmelding!

Vi ynskjer forsvarsministeren lukke til med budsjettarbeidet!

Eg oppmodar lokalforeningane om å støtte opp om forsvaret i budsjettarbeidet i møter og media, likeins at vi deltek aktivt i kampanjen "Støtt våre soldatar". La dette bli ein medlemsaksjon der vi både markerer vårt syn og vervar nye medlemmer!

Lykke til!

Ottar Befring, president

NORGES FORSVAR



Utgiver:
Norges Forsvarsforening
Stiftet 1886

FORMÅL:

Norges Forsvarsforening arbeider for at forsvarsviljen til enhver tid er levende i vårt folk, og at Norge alltid må ha et forsvar som på en betryggende måte verner landets frihet, uavhengighet og fred.

Ansvarlig redaktør:

Ottar Befring

Redaktør:

Dag Tangen Olsen

Redaksjonsadresse:

Nordengveien 39, 0755 Oslo
Tlf: 22 52 59 96
Mob: 95 70 47 30
e-post: dt-olsen@online.no

Innsending av stoff:

Bruk diskett eller e-post. Signerte artikler står for artikkelforfatterens regning, og uttrykker ikke nødvendigvis Norges Forsvarsforenings syn.

Foreningssaker, abonnement og annonser:

Norges Forsvarsforening

Tlf: 23 19 62 60
Fax: 23 19 62 70
Sporveigaten 29 Oslo
Postboks 5235 Majorstuen, 0303 Oslo
e-post: foreningspost@forsvarsforening.no
Web: <http://www.forsvarsforening.no>

Abonnementpris:

Kr 400,- pr år. 10 utgivelser i året.
Løssalg kr 60,-
Ingen utgivelser i juli og august.

Opplag:

10 000

Grafisk produksjon:

Merkur-Trykk grafisk produksjon
synne@merkurtrykk.no

Forside: Hund og soldat. Colde Response 2010
Foto: Dan Christian Angre/ FMS

ISSN 0029-1692

